



**Naturvernforbundet**  
Hordaland



**Naturvernforbundet**  
i Nordhordaland

Hoplandssjøen 74  
5943 Austrheim

11. mars 2022

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

## **Merknader til søknad frå Lerøy Vest AS om løyve til å etablera anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Gjerdneset i Alver kommune**

Søknaden gjeld etablering av ny lokalitet med maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn. Det vert søkt om å få klarert areal for utlegging av ei rammefortøyning som er 660 meter lang og 110 meter brei. Samla overflate areal for merdsanlegget vil vera 72 dekar. Anlegget vil bestå av 6 merdar kvar med ein flytekrage som er inntil 200 meter i omkrins. Det er søkt plassert ein fôrlåte på langsida av anlegget mot sør.

Naturvernforbundet Nordhordland og Naturvernforbundet Hordaland har følgjande merknader.

### **Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland må på plass før handsaming av søknaden**

Sidan november 2021 er det søkt om tre nye akvakulturanlegg i Mangersfjorden og Herdlefjorden nord på Holsnøy i gamle Meland kommune.

Fjordane er til dels sterkt miljøbelasta med mykje lakselus, forureining av sjøbotn og oksygenmangel. Dei er vandringskorridorar for raudlista villaks i Vosso og lakseførande vassdrag i Nordhordland. Fjordane er oppvekstområde for sjøaure og har stort artsmangfold av bløtdyr, krepssdyr og fiskeslag, rikt fugleliv, kamskjelførekomstar og store tareskogar med gode oppvekstvilkår for fisk. Lakselus er eit alvorleg trugsmål mot laks og sjøaure, som vi har eit særleg forvaltingsansvar for. Forureining og oksygenmangel kvelar botnvegetasjon og oppvekstområde for fisk.

Den samla belastninga på fjordane i Nordhordland er stor. Både Sørfjorden, Osterfjorden, Byfjorden, Radfjorden, Austfjorden og Masfjorden slit med betydelege miljøproblem. Fleire stader er tolegrensa for oppdrett for lengst overskride.

I denne situasjonen er det positivt at Alver saman med nabokommunane utarbeider interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland. Planen skal mellom anna gjera ei samla vurdering av areal til havbruksnæringa og belastninga på miljøet og kan stå ferdig i 2023. Planen vil avløysa eksisterande kommuneplanar for sjøområda.

Ein slik eksisterande plan er kommunedelplan for havbruk i Meland (Alver). Planen har fått motsegn frå Statsforvaltaren for mangelfull konsekvensutgreiing (KU), m.a. av samla belastning. Motsegna vart støtta av Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartement. Kommunen klaga og fekk i 2021 medhald av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) som likevel meiner at søkjarar kan utarbeida KU etter akvakulturlova. Denne avgjerda er av Naturvernforbundet klaga inn for Sivilombodet.

Naturvernforbundet meiner KU skal skje på overordna nivå etter plan- og bygningslova, ikkje minst fordi ho tek i seg samla belastning. Vi meiner derfor KMD si godkjenning av kommunedelplan for havbruk er sakshandsamingsfeil i strid med lovverket.

Tre nye oppdrettsanlegg i Mangersfjorden og Herdlefjorden har potensiale til å gjera stor skade på livet i sjøen lokalt og vil auka den samla belastninga på fjordane og vassdraga i Nordhordland fordi fjordane er korridorar for laks og sjøaure og har mykje lakselus. Trass i intensjonen frå KMD vil søkjarane heller ikkje å utarbeida KU, heller ikkje Lerøy Vest AS på Gjerdneset. Det meiner vi er svært alvorleg og eit brot på føresetnadene som KMD har lagt til grunn for nye søknader innanfor kommunedelplanen for havbruk.

Slik situasjonen er, bed Naturvernforbundet Alver kommune om å bidra til å setja søknaden på vent til den lokale og samla belastninga er vurdert i ny interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland. Berre slik kan kommunen unngå at det kjem eit rush av søknader der den samla miljøbelastninga er ukjent. Når kommunen har avgjort å utarbeida interkommunal plan, er grunngevinga nettopp at planstatus i sjøområda er uoversiktleg og konfliktfylt. Då må kommunen heller ikkje slutta seg til søknader som sannsynlegvis forverrar denne tilstanden. Eit godt grep i så måte vil vera å oppheva kommunedelplan for havbruk i Meland (Alver) i påvente av interkommunal plan for sjøområda.

### **Naturvernforbundet krev KU slik KMD føreskriv**

I klagen frå Naturvernforbundet til Sivilombodet heiter det m.a.:

*Grunnlaget for innsigelsen mot nye og utvidede akvakulturområder var mangler ved konsekvensutredningen, se innsigelsen side 2-3.*

*Innsigelsen er begrunnet med at Mangerfjorden, Radfjorden og Herdla fjorden er svært viktige for naturmangfoldet, særlig anadrom fisk. Det vises til områdets viktige betydning som utvandringssområde for laks fra viktige laksevassdrag med nasjonal status, herunder Vossovassdraget. Området er også viktige beite- og oppvekstområder for sjøaure. Det er påpekt at lakselus påvirker villfiskbestandene i stor grad, i tillegg er miljøtilstanden i fjorden under sterkt press og med negativ utvikling av oksygeninnhold.*

I klagen heter det vidare:

*KMD bestrider ikke statsforvalterens og miljøforvaltningens påpekning om at akvakulturområdenes virkninger på naturmiljøet i de berørte fjordene er for dårlig utredet i kommuneplanen. KMDs løsning er at konsekvensutredning av disse forholdene skyves til senere i forbindelse med tillatelser etter akvakulturloven.*

Sjølv om KMD har gjeve Alver kommune medhald og ikkje stør motsegna frå Statsforvaltaren og miljøforvaltninga, går det tydeleg fram at KMD forventar KU etter akvakulturlova. Slik KU ønskjer Lerøy Vest AS ikkje utarbeida i søknaden.

Naturvernforbundet meiner dette er eit klart brot på føringane frå KMD og krev i det minste KU etter akvakulturlova slik vedtaket i KMD gjev føringar for.

### **Den samla belastninga på Radfjorden og Mangersfjorden må ned, ikkje opp**

Lerøy Vest AS har frå før fire konsesjonar for oppdrett av laks og aure i Radfjorden. I tillegg kjem Linga Laks sin konsesjon på Toska Sør i Mangersfjorden, i forlenginga av den sterkt forureina Radfjorden. Om ein tar med dei to nye lokalitetane i Mangersfjorden det et søkt om på Gjerdneset (Lerøy) og Skjelanger (Blom), vil snittavstanden mellom dei sju lokalitetane vera om lag 2 km. Det vil bety stor fare for spreining av lakselus og sjukdom mellom anlegga og over på villaks og sjøaure.

I januar 2022 var alle dei fire anlegga til Lerøy i Radfjorden kraftig angripne av lakselus tett opp under lusegrensa og anlegget på Toska Sør tømt på grunn av fiskesjukdomen pankreas (PD). Slike tilstander tilseier føre vår-vurderingar og restriktiv haldning til nye anlegg i Mangersfjorden.

Mattilsynet sitt regelverk (Faktaartikkel 05.04.19) strek under behovet for god avstand mellom akvakulturanlegg:

*I dag bruker Mattilsynet en anbefalt minsteavstand på 2,5 kilometer mellom akvakulturanlegg med en maksimalt tillatt biomasse (MTB) på inntil 3600 tonn som retningsgivende for å unngå «uakseptabel risiko for spredning av smitte». For anlegg over 3600 tonn er den anbefalte minsteavstanden til andre akvakulturanlegg fem kilometer. Strømforhold, bunntopografi og omkringliggende geografi kan legitimere både kortere og lengre avstander.*

*Det er over ti år siden de anbefalte minsteavstandene ble gitt. Ut fra nyere erfaring og kunnskap vet vi at 2,5 km mellom anlegg uten koordinert brakklegging gir dårlig smitteforbyggende effekt for sykdommer som ILA og PD. Sykdomssituasjonen er i dag krevende, og nesten hvert år oppdages nye sykdommer som kan føre til stor dødelighet. Mattilsynet mener derfor at det er nødvendig å endre på anbefalingene om minsteavstander mellom anlegg. Praksisendringen gjelder fra dags dato, også for innsendte søknader om etablering eller utvidelse som ikke er endelig avgjort.*

*Mattilsynet øker den anbefalte minsteavstanden for mindre akvakulturanlegg (anlegg med en MTB på inntil 3600 tonn). Utenfor koordinerte brakkleggingsgrupper vil den anbefalte minsteavstand på fem km gjelde for alle anlegg uavhengig av størrelsen på anlegget, men det skal også legges vekt på kunnskap om strømforhold og smittespredningsmodeller.*

Når det gjeld lokaliteten det er søkt om på Gjerdneset (3120 MTB), er det berre 2,5 km til Lerøy sin konsesjon i Bognøystraumen, til Linga sin lokalitet på Toska Sør 2 km og til lokaliteten det er søkt om utanfor Skjelanger (Blom), om lag 2,5 km. I Radfjorden ligg konsesjonane endå tettare.

Med ein snittavstand på 2 km mellom dei nemnde lokalitetane vil Radfjorden og Mangersfjorden bli ein smittekorridor i strid med Mattilsynet sine avstandstiltalningar.

Den korte avstanden mellom anlegga er bekymringsverdig i forhold til sjukdom, men óg i forhold til spreining av lakselus frå oppdrettsfisk til villaks og sjøaure. I tillegg kjem belastning på naturmangfaldet elles og fleirbruksføremål knytt til fiske og friluftsliv.

Naturvernforbundet bed difor om at Mattilsynet sitt regelverk vert teke til følge slik at det ikkje vert gjeve løyve til Lerøy på Gjerdneset.

### **Raudt lys føreset reduksjon i produksjonsområdet**

Nærings- og fiskeridepartementet bestemte i februar 2020 kva fargar dei 13 ulike produksjonsområda for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure skal ha.

To produksjonsområda fekk raudt lys og skal difor fram til ny vurdering i 2022 redusera produksjonskapasiteten med 6 prosent: Nordhordland til Stadt (4) og Stadt til Hustadvika (5).

– Vi har et stort ansvar for å ta vare på villaksen i Norge, og hensynet til villaksen er en viktig del av trafikklyssystemet. To områder på Vestlandet får nå rødt lys fordi påvirkningen fra lakselus på villaks er uakseptabel. Vi vil nå for første gang redusere produksjonskapasiteten i disse områdene for at villaksen skal få bedre forhold, sier klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn i pressemeldinga frå regjeringa i februar 2020.

I 2022 skal fargane som regulerer oppdrettsnæringa som nemnd justerast. Regjeringa har fått rapportar fra styringsgruppa og ekspertgruppa om kva påverknad lakselus har hatt på villfisk i 2021. Funna er nedslåande for Nordhordland.

Forskarane vurderer at det i 2021 er høg risiko for lusepåverknad i to av produksjonsområda, moderat risiko i to av produksjonsområda og lav risiko i ni av områda. Dei to områda der det er vurdert å vera høg risiko for lusepåverknad, er produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra) og produksjonsområde 4 (Nordhordland til Stadt).

Dermed tyder det meset på at regjeringa framleis vil gje produksjonsområde 4 Nordhordland til Stadt raudt lys slik at produksjonskapasiteten i området må ned.

Lokaliteten det er søkt om på Gjerdneset ligg i Nordhordland og produksjonsområde 4. Utan tilsvarande reduksjon i MTB andre stader, vil Lerøy sin totale MTB i produksjonsområde 4 auka med 3120 MTB. Lerøy har ikkje peikt på konkrete reduksjonar andre stader.

Tilsvarande har Blom søkt om løyve til oppdrett med kapasitet til 3900 MTB utanfor Skjelanger 2,5 km vest for Gjerdneset. I søknaden vert det peikt konkret på avvikling av lokalitetane Allersholmen (1560 MTB) og Bøøy (1560 MTB), begge i Nordhordland. Produksjonskapasiteten til Blom vil likevel auka med 780 MTB. Det er heller ingen garanti for at dei avvikla lokalitetane ikkje kjem i produksjon att om andre selskap søker. I tillegg kjem Blom sin søknad ved Kjeppvikholmen på 3900 MTB, dvs. status quo i Herdlefjorden sidan lokaliteten i Laksevika lenger inne i Herdlefjorden vert lagt ned og konsesjonen flytta til Kjeppvikholmen.

Ved å gje løyve til dei tre søknadane ved Gjerdneset, Skjelanger og Kjeppvikholmen vil det altså bli ein total auke i biomasse med 4680 MTB i produksjonsområdet utan at vi får opplyst om minst tilsvarande reduksjonar i biomasse andre stader slik nærings- og fiskeridepartementet har bestemt skal skje, i utgangspunkt en reduksjon av biomasse på 6 prosent. Om Allersholmen og Bøøy vert sett i drift att, vil auken vera på 7800 MTB, dvs. ein dramatisk auke.

Naturvernforbundet meiner difor at søknaden på Gjerdneset kan vera i strid me prinsippa i trafikklyssystemet og føringane for produksjonsområde 4 om ein reduksjon i biomassen. Saman med søknadene på Skjelanger og Kjeppvikholmen vil ein betydeleg auke av biomasse i dei lakseførande fjordane føre til større fare for spreiding av sjukdom og lakselus, noko raudt lys skal motverka.

### **Naturvernforbundet bed Vestland fylkeskommune om å setja søknaden på vent**

Det vert her vist til brev frå advokat Tine Larsen i Dæhlin Sand Advokatfirma AS, datert 21.02.22:

*Undertegnede bistår Norges Naturvernforbund i klagesak til Sivilombudet om gyldigheten av kommunedelplan for havbruk i Alver kommune.*

*Sivilombudet har funnet grunn til å undersøke saken. Sivilombudet har stilt spørsmål til Kommunal- og distriktsdepartementet om planen er tilstrekkelig konsekvensutredet, om vurderinger etter vannforskriften §12 kan utsettes og om manglende vurdering av naturmangfoldlovens prinsipper i §§ 8-12. Korrespondansen i Sivilombudets pågående undersøkelse vedlegges her til orientering.*

*Det er søkt om å etablere tre lokaliteter innenfor området avsatt til akvakultur i kommunedelplanen som er til nærmere undersøkelse hos Sivilombudet:*

- Sammenslåing av lokalitet Kjeppvikholmen og Laksevika (Blom Fiskeoppdrett AS)
- Nyetablering av akvakulturanlegg ved Gjerdneset med MTB på 3120 tonn (Lerøy Vest AS)
- Nyetablering av akvakulturanlegg ved Skjelanger med MTB på 3900 (Blom Fiskeoppdrett AS)

*Tillatelse til akvakultur er betinget av at tiltaket er i tråd vedtatt plan, jf. akvakulturloven § 15. Den pågående undersøkelsen fra Sivilombudet tilsier at det er betydelig usikkerhet om gyldigheten av gjeldende kommunedelplan for dette området.*

*Det anmodes om at fylkeskommunen i lys av samordningsplikten i akvakulturloven § 8 avventer videre behandling av søknadene i påvente av Sivilombudets vurdering og nærmere avklaringer om kommunedelplanens gyldighet.*

Naturvernforbundet Nordhordland og Naturvernforbundet Hordaland sluttar seg til oppmodinga.

Jan Nordø  
leiar  
Naturvernforbundet Nordhordland

Synnøve Kvamme  
fylkessekretær  
Naturvernforbundet Hordaland